



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kjetil Stavø Høvig,

Vår dato
18.06.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2015/3652 632.3
Dykkar referanse
«REF»

Til kommunane i Hordaland

Invitasjon til å søkje om midlar til svømmeopplæring for nyankomne minoritetsspråklege elevar

Fylkesmannen i Hordaland har fått i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet å å invitere kommunane i fylket til å søkje om midlar til svømmeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar. Bakgrunnen for oppdraget er at mange av desse ikkje er svømmedyktige, og difor overrepresenterte i ulykker. Målet med satsinga er å auke svømmeferdigheitan til elevane, og med det redusere risiko for ulykker.

Grunnlag for tildeling

Kommunar med nykomne minoritetsspråklege elevar kan søkje, og følgjande kriterier vil bli lagt til grunn for tildeling av midlar:

- Hovudmålgruppa er nykomne minoritetsspråklege barn, unge og vaksne som er omfatta av grunnskuleopplæringa.
- Kommunane bør i søknaden omtale korleis samarbeid med frivillige organisasjonar kan nyttast/vidareførast.
- Kommunane vel sjølve korleis dei ønskjer å organisere svømmeopplæringa, men det må godtgjerrast at denne organiseringa medverkar til at elevane får tilstrekkeleg svømmeopplæring til å nå måla i læreplanen. Mellom anna er det eit mål at elevane skal vere svømmedyktige etter 4. årstrinn. Tilbodet kan bli gitt i løpet av skuletida eller etter skuletid.
- Jenter og gutar skal få eit likeverdig tilbod.

Kommunane kan søkje om inntil 1500 kroner per elev.

Ramma for tildelinga

Fylkesmannen i Hordaland er tildelt 669 000 kroner for skal fordelast. Summen er basert på rapportering i GSI om talet på asylsøkjjarar og på dei som har vedtak om særskilt språkopplæring etter § 2-8 i opplæringslova.

Om søknaden

Kommunar som ønskjer å søkje om midlar, blir oppmoda til å kort omtale korleis tilbodet er tenkt organisert, opplyse om talet på aktuelle elevar og beløpet ein søker om, samt kontonummer og korleis midlane skal merkast.

Søknadsfrist

Søknadsfrist er 1. september.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Kjetil Stavø Høvig
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.